

## Vedlegg til styresak 090/08 B "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin i Helse Bergen HF"

### Bakgrunn

I dette notatet blir det illustrert korleis den finansielle ramma til gjennomføring av BUSP blir påverka av lengda på planperioden og opptak av lån. Som eit eksempel på det finansielle grunnlaget er det nytta kapitalgrunnlaget som ligg i inntektsfordelinga til Helse Vest.

### Kommentarar

I inntektsmodellen til Helse Vest har Helse Bergen eit kapitalgrunnlag på kr 465 mill i året. Dette er under føresetnad om at føretaket har eit resultat i balanse. Dersom resultatet er negativt vil kapitalgrunnlaget vere tilsvarende lågare, ved overskot vil kapitalgrunnlaget vere høgare. Lån kan bli gitt til spesifikke prosjekt, men låneregimet er no vesentleg strama inn. Det vil derfor vere stor usikkerheit rundt tildeling av lån i eit så langt perspektiv.


Under føresetnad av at Helse Bergen leverer eit resultat i balanse og har avskrivningar som er like store som kapitalgrunnlaget, så vil kapitalgrunnlaget til å dekke investeringar være som følgjer:

- Bygg	om lag kr 259 mill pr. år
- MTU	om lag kr 95 mill pr. år
- Anna	om lag kr 66 mill pr. år
- Andel IKT	om lag kr 45 mill pr. år
SUM	om lag kr 465 mill pr. år

Investeringar i MTU er basert på ei vidareføring av nivået i 2008. Det er førebels lagt inn ein føresetnad om at IKT utgjør om lag kr 45 mill pr. år for Helse Bergen sin del.

Helse Bergen har allereie i sin 5 årige investeringsplan bunde opp det vesentligaste av investeringsmidlane i dei kommande 2 åra. Føretaket vil og vere avhengig av å ta opp lån i 2009 for å gjennomføre investeringsplanen.

I grafen under er det vist kva Helse Bergen har av midlar til BUSP dersom det ikkje gis meir lån samt at alle andre prosjekter blir prioritert bort etter at noverande 5-årsplan er gjennomført:



Dersom Helse Bergen ikkje får lån i 2009 må dei skyve på prosjekt frå 2009 til 2010. Føretaket vil då først i 2011 ha midlar tilgjengeleg for investering i BUSP. Helse Bergen vil då ha mulighet til å investere om lag kr 1,7 mrd i BUSP under føresetnad av at ein ikkje gjennomfører nokon andre prosjekt i perioden. Dersom ein utvidar perioden til 2020 vil investeringsramma auke med vel 0,5 mrd gitt dei same føresetnadane om andre byggeprosjekt.

Dersom Helse Bergen klarar å levere overskot vil investeringsramma kunne aukast. Samtidig skal ein her ta med seg at rentekostnadane knytt til lånefinansierte investeringsprosjekt som no vert ferdige, vil slå inn med full tyngde i 2010. Samtidig vil avskrivningar på opningsbalansen falle frå og gje rom for betre resultat. Dette er eit forhold som Helse Bergen må sjå nærare på og ta med i sine vurderingar når dei skal avklare det finansielle grunnlaget for investeringsplanen.

Helse Bergen rapporterte hausten 2007 ein 5-årig investeringsplan der det årlege investeringsnivå låg på mellom kr 600 til kr 700 mill. Det var lagt inn ein føresetnad om opptak av lån på i snitt kr 200 mill pr. år. Det samla investeringsnivået for perioden 2009 til 2013 var då på kr 3,4 mrd og ein føresetnad om lån på kr 1 mrd. Investeringsplanen er oppsummert i tabellen under:

## 5 årig investeringsplan

		Alle tall i hele mill. kroner						Sum pr bygge prosjekt	
Type investering	Spesifikasjon av investeringsprosjekt	Investering/kontraktverdi							
		rev 2008	2009	2010	2011	2012	2013		
Investering i nybygg/omfattende ombygg	Laboratoriebygg HUS	267,0	78,0	0,0	0,0	0,0	0,0	722,0	
	Parkbygget	28,0						168,0	
	Ny hudavdeling/Riving hudbygg	37,0	22,0					75,0	
	Hagavik operasjonsrom	5,0						22,0	
	Sandviken Trinn 2 psykose nybygg	10,0	9,1					76,6	
								-	
	Mottak HUS trinn 1 og 2	14,0	14,0	0,0				43,5	
	Barne-, ungdom- og voksenpsykiatri HUS	30,0	145,0	330,0	380,0	380,0		1 279,0	
	Tilbygg KK inkl tidligere prosjekt	18,0						53,0	
	Utvikling rehabilitering Nordås	4,0						20,0	
	Krohnsminde Fjell og Årstad DPS	3,0	71,0	71,0	71,0	71,0		327,0	
	Frigjorte arealer sentralblokk	2,0	90,0	79,0	40,0	50,0	0,0	261,2	
	Nevrosenter	0,0	80,0	6,0	0,0			86,0	
	Landingsplattform helikopter	0,0	13,0	2,0				22,3	
	MR bygg Voss	0,0	0,0					12,0	
	Hab./psyk. Arealer Svingen Sandviken	0,0	3,0	0,0				6,0	
	Mindre ombygginger somatikk	5,0	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0		
	Mindre ombygginger psykiatri	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0		
	Annet							486	
	Avsluttes 2007:								
		AMK							15,0
	Kjøp av boliger	0,0	0,0	0,0	0,0			4,0	
	Hyperbar medisin flermannskammer							14,0	
	Sandviken Trinn 1 PAM med sengeposter							89,0	
Bevilget midler 2007 og tidligere, men prioriteres ikke videre:									
	Utvidelse av pasienthotell	0,0	0,0	0,0					
	Bjergvin DPS trinn 2								
	Bjergvin DPS trinn 3								
	Nytt barne og ungdomssenter								
<b>Sum investering i nybygg/omfattende ombygging</b>		<b>427,0</b>	<b>539,1</b>	<b>502,0</b>	<b>505,0</b>	<b>515,0</b>	<b>500,0</b>		
<b>Medisinskteknisk utstyr</b>		95	95	95	95	95	95		
<b>Andre investeringer</b>	Teknisk infrastruktur	42	42	42	42	42	42		
	Mindre avdelingsvise investeringer	17	22	22	22	22	22		
	Tele - og signal	6,5	1,8	1,3	0,0	0,0	0,0		
	<b>SUM andre investeringer</b>	<b>66</b>	<b>66</b>	<b>65</b>	<b>64</b>	<b>64</b>	<b>64</b>		
<b>SUM investeringsforslag</b>		<b>588</b>	<b>700</b>	<b>662</b>	<b>664</b>	<b>674</b>	<b>659</b>		

Finansiering:							
Tilskudd	Helse Vest RHF 6.11.07 . Forutsetter samme tilskudd pr år i perioden 2009 - 2013.	465	465	465	465	465	465
Lån	Låneramme 2008 kr 165 mill - avdags kr 22 mill = kr	143	235	197	199	209	194
<b>Sum finansiering</b>		<b>608</b>	<b>700</b>	<b>662</b>	<b>664</b>	<b>674</b>	<b>659</b>


Helse Bergen har i sin rapporterte plan hausten 2007 tatt ut fleire prosjekt som dei ønskte å prioritera, men som det ikkje var rom for i ovannemnde plan sjølv med føresetnad om kr 200 mill i lån pr. år. Dette er følgjande prosjekt:

		Alle tall i hele mill. kroner						Sum pr bygge prosjekt		
Type investering	Spesifikasjon av investeringsprosjekt	Inkl i bevilget 2007	2008	2009	2010	2011	2012		2013	
Byggeprosjekt som ønskes prioritert som må fremmes særskilt	Nordås nybygg		4,0	10,0	60,0	60,0			134,0	
	Videre ombygging KK trinn II			30,0					30,0	
	Kreftbygg	0,0	0,0	15,0	100,0	215,0	160,0		490,0	
	Utvidelse av Sikkerhetsavdelingen Sandviken			8,0	0,0				16,0	
	Renovering øyeklinikken	0,0	5,0	10,0	10,0				26,0	
	Baseanlegg helikopter	0,0	0,0	1,0	3,0	20,0	20,0		44,0	
	Videre ombygging KK trinn III				31,0				31,0	
	Sandviken Trinn 3 unge schizofrene	0,0	0,0	0,0	40,0	60,0			103,0	
	Sandviken Rehab DR. Martens				11,0	11,0	11,0		33,0	
	Bevilget midler 2007 og tidligere, men prioriteres ikke videre:									
		Nytt barne og ungdomssenter	10,0	0,0	20,0	50,0	50,0	200,0	1547,0	1 883,2
		Utvidelse av pasienthotell	5,0	0,0	25,0	8,0				38,0
		Bjergvin DPS trinn 2	5,0	0,0	5,0					20,0
	Bjergvin DPS trinn 3	5,0							5,0	
Sum	Byggeprosjekt som ønskes prioritert som må fremmes	25,0	17,0	124,0	313,0	416,0	391,0	1547,0		

Spørsmålet er då korleis Helse Bergen skal handtera desse prosjekta i eit 10 års perspektiv. Prioritering av desse prosjekta vil ha direkte innflytelse på kor mykje Helse Bergen kan bruke på BUSP. Om ein held BUSP utafør representerer prosjekta i lista ovanfor totalt kr 1 mrd. Desse prosjekta ligg ikkje inne i 5års

planen. Dersom Helse Bergen må prioritere alle disse prosjekta inn i løpet av dei første 10 åra vil midlar til BUSP bli redusert frå kr 1,7 mrd til om lag 0,7 mrd. Dette beløpet er utan eventuell tildeling av lån.

Helse Bergen har oversendt ein oppdatert investeringsplan der det er lagt inn ein føresetnad om lån på kr 100 mill kvart år. Det vil vere stor finansiell usikkerheit knytt til eit investeringsnivå som føresett årleg lånetildeling på kr 100 mill då lån tildeles over statsbudsjettet for eit år av gangen. I grafen under er det forsøkt å illustrere kor stor investeringsramme som kan settast av til BUSP dersom staten tildeler lån på kr 100 mill pr. år. Det er samtidig føresett at alle andre prosjekt er prioritert bort i dei kommande åra.



Om Helse Bergen får årlege lån på kr 100 mill fram til 2018, vil investeringsramma til BUSP kunne bli om lag kr 2,7 mrd. Det er framleis ikkje rom for å kunne gjennomføre andre byggeprosjekt ut over nødvendig MTU, IKT og andre investeringar, jfr. omtale ovanfor. Dersom Helse Bergen utvidar planperioden fram til 2020 vil investeringsramma kunne bli om lag kr 0,5 til 0,7 mrd høgare om dei og får lån frå staten. Det er først under denne føresetnaden at Helse Bergen finansielt er i stand til å gjennomføre BUSP på det nivå dei har lagt fram i si sak. Spørsmålet er om det i tillegg til usikkerheita rundt tildeling av lån, er mulig å prioritere vekk alle andre byggeprosjekt i eit så lagt tidsperspektiv. Det blir her vist til oversikta ovanfor vedrørande prosjekt som ikkje er tatt med i planen, men som ein ønskjer prioritert inn. Dersom ein tar høgde for desse prosjekta vil investeringsmidlar til BUSP bli redusert til kr 1,7 mrd under føresetnad av at det gis lån på kr 100 mill kvart år.

Eit anna forhold er at eit investeringsnivå som føreset kr 100 mill i lån pr år og vil vere med å gje auka krav til effektivisering for å dekkje auka rentekostnader samt å frigjere likviditet til å nedbetale på lån. Det kan synast som om avskrivingsnivået med dette investeringsnivået vil halde seg rimeleg stabilt då ein stor del av investeringane skjer på bygg med lang avskrivingsstid. I tillegg vil avskrivning i opningsbalansen falle frå. Dette er eit forhold som Helse Bergen må gjere nærare utgreiing av samt beskrive korleis dei skal handtere krav om auka effektivisering for å dekke auka rentekostnad.

Helseføretaka har ikkje lov til å bruke driftskreditt til å finansiere investeringar. Om føretaket er i ein underskotsposisjon så kan det årlege investeringsnivå derfor ikkje overstige avskrivningar. Om Helse Bergen går ut over dette nivået vil det i praksis seie at ein brukar driftskreditt til å finansiere investeringar. Om investeringsnivået skal være høgare enn avskrivingsnivået, føreset dette at verksemda har eit tilsvarande overskot.

Helse Bergen bør leggja inn ein sikkerheitsmargin i forhold til full utnytting av kapitalgrunnlaget så lenge Helse Bergen ikkje stabilt klarer å levere eit resultat i balanse.